



Møteprotokoll

Utval:	Ungdomsrådet
Møtestad:	Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato:	29.04.2026
Tid:	kl. 15.45 - 18.30

Frammøtte	Representerer	Funksjon
Iver Standal Nilsen		medlem
Jakob Gausemel Kandal		medlem
Kamilla Paulen		medlem
Klara Ingebjørg Pilskog		medlem
Klara Margrethe Grønbech		medlem
Ola Gunnar Ekblom Lillestøl		medlem
Ole Magnus Aasebø		medlem
Oleksandr Cherniavskyi		medlem
Solveig Fremmerlid Søvik		nestleiar
Tomine Vatland		leiar

Forfall	Varamedlem
Anna Heltne Tønnessen	Endre Liaskar Granli

Andre som møtte:

Per Ivar Kongsvik - Kommunalsjef oppvekst
Heidi Istad – kommunalplanleggjar
Cecilie Bjørlykke – Avdelingsleiar skule
Sander Aksnes Bjørkedal – leiar Ung i Volda
Line Malvik - koordinator

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 11/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/1291
PS 12/26	Godkjenning av protokoll	26/1291
PS 13/26	Tilstandsrapport barnevern og skule 2025	26/866
PS 14/26	Orienteringar	26/1291
OS 12/26	Områdeplan Volda sentrum	26/1291
OS 13/26	Møte med Statens vegvesen 24.02.2026	24/3574
OS 14/26	Evaluering ungdomskonsert Rokken	26/1291
OS 15/26	Samarbeid med X2 om ungdomskonsert i 2027	

Volda, 29.04.2026

Tomine Vatland
leiar

PS 11/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling vart godkjent utan merknad. Saklista vart godkjent med ekstrasak.

Behandling:

Det var 11 røysteføre ved møtestart.

Det kom ei tilleggssak i møtet, Orienteringssak om "Samarbeid med X2 om ungdomskonsert i 2027"

PS 12/26 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Møteprotokollen frå førre møte vart godkjend utan merknad.

Behandling:

Det var ingen merknadar til protokollen frå førre møte.

PS 13/26 Tilstandsrapport barnevern og skule 2025

Vedtak:

1. Tilstandsrapporten for barneverntenesta 2025 vert teken til vitende.
2. Tilstandsrapporten for grunnskulen 2025 vert teken til vitende.

Behandling:

Kommunalsjef for oppvekst, Per Ivar Kongsvik, møtte og svarte på spørsmål frå Ungdomsrådet.

Røysting (11 røysteføre):

Det vart røysta over tilrådinga frå kommunedirektøren. Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren si tilråding:

- 1. Tilstandsrapporten for barneverntenesta 2025 vert teken til vitende.*
- 2. Tilstandsrapporten for grunnskulen 2025 vert teken til vitende.*

PS 14/26 Orienteringar

Vedtak:

Orienteringssakene vart tekne til vitende.

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
12/26	Områdeplan Volda sentrum
13/26	Møte med Statens vegvesen 24.02.2026
14/26	Evaluering ungdomskonsert Rokken
15/26	Samarbeid med X2 om ungdomskonsert i 2027

Behandling:

Orienteringssakene vart tekne til vitende.

OS 12/26 Områdeplan Volda sentrum

Vedtak:

Rådet noterte følgande punkt som dei ønsker rar skal følgje saka vidare til FSK:

- Det visuelle uttrykket i sentrum er viktig for å skape trivsel, bulyst og livskvalitet. Er 5 etasjer litt høgt? Det er viktig at bebuarar i eksisterande bustadar ikkje mister utsikt, noko som gir bukvalitet til eksisterande bygningar.
- Vert det stilt krav til framtidige utbyggjarar om estetisk uttrykk på fasadar og berekraftig materialbruk?
- Propellhallen og tomte bygningsmassen ligg på er eit areal og ein bygningsmasse som er fornuftig å bruke til kulturarrangement, events og konsertar.

Behandling:

Kommuneplanleggjar Heidi Istad møtte og svarte på spørsmål frå Ungdomsrådet.

Ungdomsrådet hadde punkt som de ber om at følgje saka til Formannskapet.

OS 13/26 Møte med Statens vegvesen 24.02.2026

Behandling:

Koordinator orienterte rådet og svarte på spørsmål. Rådet ynskjer å følgje saka vidare.

Rådet oppmodar administrasjonen undersøke om er det mogleg å rydde skogsvei/sti ned mot Munken-badeplass for tryggare tilkomst no til sommaren.

OS 14/26 Evaluering ungdomskonsert Rokken

Behandling:

Leiar orienterte og samla inn positive og negative erfaringar frå arrangementet.

OS 15/26 Samarbeid med X2 om ungdomskonsert i 2027

Behandling:

Leiar orienterte om moglegheit for samarbeid med X2 om ungdomskonsert neste år.
Leiar samla inn artistforslag som vert vidareformidla til festivalleiar.